

# Krosshamn

TEMA: Kremmerleier ①105, Kirke og kloster ①52

KART: ④440

**KROSSHAMN ligg i skipsleia nordaust for Hundvåkøy, nær Sandtorv. Namnet kjem truleg av at dette er den hamna i Austevoll som ligg nærast mot Korsfjorden.**



Ferdslevegår skaper sentra og utkantar, og endringar i samferdslegjer gamle sentra til nye utkantar. Dette er noko Krosshamn har fått røyna.

Frå 1600-talet har Krosshamn vore gjestgjevarstad, men vi finn lite opplysningar om staden før mot slutten av 1700-talet. Det har aldri budd mykje folk i Krosshamn, så grunnlaget for verksemda har vore den gode hamna midt i skipsleia. For sjøfarande var det naturleg å leggja seg til der før dei gav seg i kast med Korsfjorden, eller etter at dei hadde kryssa dette opne og værharde fjordstykket.

Også på anna vis vart Krosshamn eit viktig sentrum. Her var handelsbu og fiskemottak, bakar, skomakar og fargerier, og hit drog folk frå heile den nordlege delen av Austevoll. Den første bakaren

som slo seg til i den vesle strandstaden på Os ved Bjørnefjorden midt på 1800-talet, hadde vore bakar i Krosshamn.

Då det kommunale sjølvstyret vart innført i 1837, og i nær 50 år frametter, høyrde den største delen av Austevoll til Sund kommune, som tidlegare var ein del av Sartor skipreide. Krosshamn låg då sentralt i kommunen, og i heile denne perioden var tingstova i Krosshamn fast møtestad for formannskapet og heradstyret. Den nye kommuneskipnaden i 1886, som gjorde Austevoll til eigen kommune, førte samstundes til at Krosshamn vart ein utkant i kommunen, og kommunestyringa flytta møta sine til tingstova på Bakholmen.

I dag er Krosshamn sommarbustad, men den gamle tingstova står framleis. □

*Krosshamn er den hamna i Austevoll som ligg nærast mot Korsfjorden.*



*Ei gammal segn fortel at det undergjerande krusifikset i Røldal kyrkje vart funne av ein blind mann som låg utpå Korsfjorden og fiska (④400).*

## KYRKJENE I AUSTEVOLL

Stavkyrkja på SANDTOR var den eldste kyrkje i Austevoll. HÅKON HÅKONSSON vitja kyrkja i 1240, og det er første gongen ho er nemnd i skriftlege kjelder.

I 1635 vart kyrkjestaden flytta til Austevoll på Hundvåkøy. Delar av den gamle Sandtor kyrkja vart òg flytta, og nytta til våpenhus i den nye, tomra kyrkja som vart bygd der. Den nye kyrkjestaden gav namnet til soknet, og i



*St. Sunniva. Detalj frå alterskåpet som no finst på Historisk Museum i Bergen.*

sin tur til kommunen. Då det vart bygt ny kyrkje på STOREBØ i 1891, vart tømmeret frå gamlekyrkja selt på auksjon, og det hamna som vyrke i florar og griselhus og andre uthus kring i bygda. Alterskåpet er teke vare på og finst i dag på Historisk Museum (①58). Dette er eitt av dei finaste seinmellomalderlege alterskåp vi kjenner på Vestlandet. Truleg er det eit arbeid frå ein nordtysk verkstad. Eit så påkosta inventarstykkje i ei lita soknekyrkje, ut mot Nordsjøen og storhavet, fortel litt om kor sentralt kyrkja på Sandtor har lege i mellomalderen, i hovudleia til Bergen.

Den andre gamle kyrkjestaden i Austevoll var på MØKSTER. Den første kyrkje her var truleg ei stavkyrkje, som vi finn nemnd første gong i 1360. Ei ny tømmerkyrkje vart bygd på same staden i 1686. Dette var ei lita, låg kyrkje utan tårn, og det vart sagt at ho såg ut som ei løe. I 1892 vart det bygt ny soknekyrkje på STOLMEN, og Møkstrakyrkja vart riven. Møkster er framleis namnet på kyrkjesoknet. I 1892 vart det også bygt kyrkje på STORE KALSØY, eller rettare sagt eit kapell, som høyrde til Austevollsoknet.

Både Austevoll og Møkster sokner høyrde til Våg skipreide i mellomalderen.

Med den nye kommuneskipnaden fekk Austevoll endå eit kyrkjebygg, kapellet i BEKKJARVIK. Dette kapellet er innvigd i 1898 og høyrer til Møkster kyrkjesokn.